

# ÅRSMØTE 2017 – HORDALAND MÅLLAG

## Voss Vandrarheim, 11. og 12. mars

### PROGRAM

#### Seminar laurdag 11. mars

- 10:30-11:15 - registrering  
11:30 - opning, song, val av ordstyrar, skrivarar og underskrivarar  
11:45 - kommune- og fylkessamanslåingane sett frå nynorskståstad  
v/Live Havro Bjørnstad  
12:35 - målpris  
13:10 - lunsj  
13:55 - 1967-2017. Ideologi for forsoning eller målreising  
v/Ingar Arnøy  
15:15 - pause  
15:25 - skule  
v/Marta Nagel-Alne og Live Havro Bjørnstad  
16:55 - talespråk og skriftspråk  
v/Arvid Langeland  
18:00 - slutt

Middag kl. 19:00  
med innlegg frå Voss Mållag

#### Sundag 12. mars

- 9:00 - formalia, song, praktisk informasjon, telje røysteføre  
9:15 - årsmelding og rapportar frå skulemålsnemnda, næringslivsansvarleg og mållovsansvarleg  
v/Astrid Helene Olsen  
10:10 - rekneskap  
v/Ingrid Hovstad  
10:35 - pause  
10:45 - arbeidsplan  
v/Astrid Helene Olsen  
11:40 - budsjett  
v/Ingrid Hovstad  
12:10 - fråsegner, vedtak om saker utanom det ovannemnde  
12:30 - val  
12:50 - lunsj og slutt

## VEDTAK

### 1) ÅRSMELDING OG RAPPORTAR

Årsmeldinga er godkjent med refererte merknader

### 2) REKNESKAP 2016

Rekneskapen er godkjent

### 3) ARBEIDSPLAN 2017

RØYSTING OVER LENGD PÅ STILLING

- 8 røyster for 2 år

- 16 røyster for 1 år

VEDTAK: eitt års engasjement

RØYSTING OVER PUNKT OM SKULEMÅL

1) Punkt a) Øystein Skjæveland sitt forslag i staden for det som står.

- samrøystes vedteke

2) Punkt b)

- 1 røyst mot

- resten for

Vedteke

3) Punkt c) framlegg frå Oddvar Skre om sidemål: Styrkja sidemålsundervisinga for å gjera fleire elevar tospråklege og skapa betre haldningar til nynorsk blant lærarar og elevar.

- 13 røyster for

- 10 røyster mot

Vedteke

RØYSTING OVER PUNKT OM SPRÅKBRUKSPLEANAR

- samrøystes vedteke

RØYSTING OVER FRAMLEGG FRÅ SIGRID ALVESTAD

Verta meir synlege på nettet, peika ut webansvarleg.

- 2 røyster mot

- resten for

Vedteke

RØYSTING OVER ARBEIDSPROGRAMMET MED ENDRINGAR

- samrøystes vedteke

Arbeidsprogrammet er vedteke

### 4) BUDSJETT

RØYSTING OVER BUDSJETT SLIK DET LIGG FØRE INKLUDERT ÅRSPENGAR

- samrøystes vedteke

## 5) FRÅSEGNER

FRÅSEGN OM Å FÅ SPRÅKRÅDET TIL BERGEN (DERSOM DET SKAL FLYTTAST FRÅ OSLO)

- samrøystes vedteke

FRAMLEGG FRÅ ÅRSMØTET I KVINNHERAD MÅLLAG OM NYNORSKE  
BARNEHAGAR/SPRÅKREIR

- samrøystes vedteke

## 6) VAL

FRAMLEGG:

Sahra Torsvik (Øygarden) får plass i styret

Marta Nagel-Alne (SmiB) får plass som 2. vara til styret

Ragnhild Kvifte (SmiB) får inn for Arild Reigstad i skulemålsnemnda

Øystein Sandve (SmiB) går inn som fyrste vara til skulemålsnemnda.

## RØYSTING OVER VALFRAMLEGGET

1 Leiarvervet (Astrid Olsen held fram)

- VALT

2 Resten av styret inkludert vara

Ingen andre framlegg i salen over resten av styret.

- VALT

3 Leiar i skulemålsnemnda (Oddvar Skre held fram)

- VALT

4 Resten av nemnda

Ingen andre framlegg i salen over resten av styret.

- VALT

5 Mållovsansvarleg (Erlend Bakke held fram)

- VALT

6 Næringslivansvarleg (Øystein Skjeveland held fram)

- VALT

7 Ettersynsfolk (Kåre Johann Mjør og Arne Apold held fram)

- VALT

8 Valnemnd

Øystein Skjeveland er ikkje på val, vald for 2 år i fjor.

Framlegg: Mona Stormark som vara

Framlegg: Håkon Remøy

Framlegg: Johannes Sekse

Alle nye medlemer er valt for to år.

Ingen merknader til det.

- VALT

## ÅRSMØTESEMINAR LAURDAG 11. MARS

Spørsmål til saklista.

Øystein Skjæveland: Forslag frå Kvinnherad, kjem den inn under andre saker i morgon?

- Svar: Ja.

Merknad: Nummereringa på deltakarlista er annleis enn deltakarlista som er utdelt. Difor viser alle nummeret sitt under presentasjonsrunden.

Presentasjonsrunde.

### Innleiing om kommune-/regionsamanslåing og ordskifte:

#### **Håkon Remøy**

Regionreform: Kva skal ein kalla dei nye samanslåtte fylka, kan ein ikkje framleis bruka ordet fylke? Skal mållaget meina noko om namnet? Vestlandet er upassande, då det nye fylket/den nye regionen ikkje dekkjer heile Vestlandet. Rogaland og Møre og Romsdal er ekskludert.

Kva skjer med fylkesteatera etter samanslåinga? Er desse sikra vidare drift etter 2022?

#### **Kristian Bringedal**

Kvinnherad kommune har vedteke ein språkbruksplan. Rådmannen er målmann, han har vorte presentert for ei problemstilling der han vart svar skuldig: Når det gjeld stiftingar kan kommunen kan stilla krav til språkbruk. Der kommunar deltek aktiv i næringslivet kan ein også leggja slike krav til grunn.

#### **Astrid Olsen**

Rettar takk til alle for alt engasjementet i haust. Det er no viktig å ta tak i dette og bruka det vidare. Folk er på hogget. Me er ei sterk rørsle og har stor påverknadskraft.

#### **Oddvar Skre**

Er også imponert over engasjementet kring nynorskregionen og kan informera om at lokallaga i Rogaland no jobbar for å frå til krav til nynorskbruk i Rogaland fylkeskommune.

Me i Hordaland kan ikkje slappa av. Me må satsa på å få gjennomslag for språkbruksplanar og satsa på arbeid mot barnehagar.

Ein bør vera uroa av høgt målbyte i den vidaregåande skulen, både i Bergen og Os. Det er synd at vidaregåande skular og Skyss er unntekne den fylkeskommunale regelen om å bruka nynorsk i Bergen.

#### **Caroline Lehmann**

Merknad til Kvinnherad: Det er betre å krevja at kommunen "skal" snarare enn "kan" leggja føringar for språkbruk i det lokale næringslivet.

#### **Astrid Olsen**

Ottar Grepstad meinte at arbeidet med nynorsk i regionreforma var ein lakmestest på

engasjement i målrørsla. Sjølv om me med god margin klarte prøven, viser røynslene at det er ulik aktivitet i lokallaga. Nokon er "sovande", me må gjera ein innsats for å få liv i desse.

### **Knut O. Dale**

Dette med målbyte er viktig. Det varierer frå stad til stad. Til dømes i Time kommune er mesteparten av undervisinga i den vidaregåande skulen på bokmål, sjølv om fleirtalet av elevane har valt nynorsk. At lærarane brukar nynorsk konsekvent, kan vera ei medverkande årsak til at elevane ikkje byter hovudmål. Her må me få inn tydelegare retningslinjer. Det er også viktig å få gjennomslag for språkdeling, i alle fall i ungdomsskulen.

### **Øystein Skjæveland**

Legg fram eit argument for samanslåingar: Ein skapar større fagmiljø i kommunane/fylka. Dette kan ein dra nytte av. Når ein har mange gode fagfolk, er det viktig å gå i dialog med desse. Dette må me ha folk og ressursar til å gjera dette.

### **Marta Nagel-Alne**

Me kan vera stolte over det arbeidet me har gjort og det me må gjera framover. Her er det viktig med godt samarbeid over fylkesgrensene, og i større grad sameina kampanjane våre. Til dømes må ein prøva henta inn engasjementet i Rogaland betre. Ein bør kopla fylkeslaga saman oftare.

### **Margit Liljan Apelthun**

Noko å tenka på: I samtale med ungdom kan ein ta opp kvifor språk er viktig. Når ein slår saman kulturar i ulike kommunar, må ein skapa ein felles identitet. Her er språk viktig. Ein må få fram endå meir korleis nynorsken er med på å bygga opp identitet.

### **Målpris:**

Sidan årsmøtet vert halde på Voss, ville Hordaland Mållag gjerne gje målprisen til nokon frå Voss. Mållaget i Vossebygda vart difor spurt om å føreslå ein verdig kandidat, og dei føreslo Myrkdalen Fjellandsby som er eit godt førebilete på gjennomført nynorsk språkbruk i sin interne og eksterne kommunikasjon.

Nettstaden til Myrkdalen Fjellandsby har mange vitjarar. Det er ikkje sjølv sagt at dei skulle velja å bruka nynorsk, men det gjer dei altså. Dei brukar alltid nynorsk aktivt i marknadsføringa si. Målprisen kan visa at det vert sett pris på aktiv og god nynorskbruk, og kan vera med på å inspirera til vidare satsing.

Prisen er eit bilete av eit furutre av kunstaren Arent Christensen. Han kom frå Danmark, men flytta til Oslo. Etter det måla han mange bilete med vestlandsmotiv.

Myrkdalen fjellandsby fortel: Bedrifta har ein tydeleg merkevareprofil og har mellom anna fått ein designpris for denne. For dei er det like viktig med språk som design, dette bygger nemleg opp den lokale identiteten dei ynskjer. Bruk av nynorsk er gjennomgåande i alle selskapa deira, samt i all ekstern kommunikasjon. I samband med dette har dei mellom anna hatt ein diskusjon på om dei skal bruka a-endingar eller e-endingar, men sidan vossadialekta har a-endingar, er det denne forma som har fått gjennomslag.

Å til dømes samarbeida med Oslo-bedrifter kan by på utfordringar då ein har så ulik type språkbruk. Difor har dei funne ut at det er lettare med lokal forankring og har no difor berre lokale samarbeidspartnarar.

"Me slost for nynorsken kvar dag!", seier Kaia Finne, som er marknadssjef i

Myrkdalen fjellandsby.

Spørsmål frå salen: Får de reaksjonar frå kundar?

- Desse er berre positive! Og dersom ein ikkje brukar nynorsk fordi ein har kundar utanfor Voss, har ein allereie tapt. Det er viktig å ta vare på identitet.

### Peder Hauge frå styret i Noregs Mållag fortel om nynorskpolitikken i Bergen kommune:

Det er eit driv i Bergen no som er nokså essensielt. Tinghuset er på nynorsk (grunna i mållova) og i BT er det rom for nynorsk (i alle fall i kommentar, dei er ikkje like gode på redaksjonell plass). Sjefsredaktøren har sagt at han vil heia på dei som vil velja å bruka nynorsk. Det er likevel vanskelegare å bruka nynorsk når ein jobbar fleire journalistar på same sak, men det er ein idé i redaksjonane at ein skal bruka så mykje nynorsk som råd.

Politisk: Byrådet som sat (H, FrP og KrF) var i mindretal (KrF gjekk ut grunna bybanesak), men fekk likevel gjennom ordningar for meir bruk av nynorsk i skulen. Mellom anna vart det vedteke å starta prosjekt med sidemålsopplæring frå 3. klasse, positivt sidemålsforsøk og sikring av nynorskelevar sine rettar i ungdomsskulen. Desse ordningane er ikkje kome i gang enno, men ein håpar å få det på plass snart.

Administrasjonen i Bergen kommune har vedteke av Bergen skal vera nynorskbyen. Bystyret har slått fast at ein skal koma fram til ein status på korleis det står til med nynorsken i Bergen kommune. Ein vil finna ut av korleis kan ein styrka nynorsk i det offentlege i Bergen. Dette er ei viktig sak når den kjem til handsaming i byrådet.

Har det skjedd noko? Det er eit spørsmål ein kan stilla seg. Peder er positiv. Ein må syta for at desse politiske tiltaka vert så gode som mogeleg når dei skal settast ut i live. Uansett har ein flytta ordsiftet enormt mykje. Me har ein leiar i bystyret som siterer Ivar Aasen og seier at han elsker nynorsk. Det er ein viktig signaleffekt. No er det mange parti som konkurrerer om å vera best på språkpolitikk – dette er populært.

Til dømes var Bergen kommune oppteken av at Vestlandsregionen skulle vera nynorsk og dette var eit lite kontroversielt standpunkt. Ein veit samstundes at språkbruken i fylkeskommunen ville få lite konsekvensar for Bergen kommune, men ein kan likevel sjå på dette som ei raus linje. Kommunen vedkjenner seg at Bergen må vera ein del av Vestlandet, ein storebror som tek ansvar for syskena sine. I samband med kommunesamanslåinga opna kommunen mellom anna for å stifta nynorske bydelar i ein ny stor Bergen kommune.

### **Øyvind Heitmann**

Ei stund på 80-talet hadde bydelsadministrasjonane, mellom anna i Arna, større makt og fekk gjennom nynorsk organiseringa. Kan ein få til nynorsk i det nye Bergen Aust? Ein kan gje melding til Arna om ynskje om å bruka nynorsk.

### **Peder Hauge**

Det er ein diskusjon i byrådet om å innsetta bydelsstyra att. Det er viktig å ha ein god dialog her.

### **Øyvind Heitmann**

Styra er lettare å få gjennomslag i enn i administrasjonen.

### Ingar Arnøy – ideologi for forsoning og målreising 1967-2017

1967: første gong etter krigen at mållaget laga eit felles strategisk skrift. Dette var på

bakgrunn av ein artikkel frå 1965, rett etter førre kommunereform. Skriftet feirer 50 år i år.

Til neste år er det landsmøte der ein skal vedta eit nytt fireårig arbeidsprogram. Jens Khil meiner ein må få til eit nytt strateginotat til dette.

Staten si språklinje er i dag nøytral fordi målrørsla har villa at staten skal vera nøytral. Det me meiner får konsekvensar for kva staten gjer. Til dømes kan ein sjå til eit komitemøte på Stortinget for nokre år sidan: Her drøfta ein språkvilkåra til elevane på ungdomsskulen og ein ville ha forslag til konkrete tiltak frå mållaget. Det fekk dei sjølv sagt!

Frå kollektiv kulturpolitikk til individuell nøytralitet til..?

I 1878: vedtak om undervising på borna sitt eige språk.

I 1885: jamstilling av bokmål og nynorsk (på dette tidspunktet var det omlag fem personar som skreiv nynorsk her i landet, men dei var sentrale personar som Ivar Aasen). Språket eksisterte ikkje i skulen eller i offentlege. Det var difor kulturpolitiske årsaker som låg bak vedtaket.

1907: målsreform, gjorde bokmålet meir "norsk".

1938: mållova, ei tragedie. I den offentlege diskursen vart språka individorientert, det handla ikkje om felles kultur.

1964-67: målreisingsvedtak i NM: Korleis kan ein lyfta nynorsken tilbake til eit kollektivt kulturgrunnlag? Her gjorde ein ei feil: Ein gjorde ikkje opp boded frå tida med samnorskpolitikk.

2002: stortinget vedtok at samnorskparagrafen skulle fjernast. I Noreg skulle ein ha to ulike og sjølvstendige språk.

Målrørsla må vera i stand til å oppsummera veikskapar og styrkar ved vårt eige arbeid gjennom tidene. Mellom anna presenterer ein ikkje språkvalet i dag som noko som er eit gode for heile nasjonen. Ein fokuserer snarare på dei pedagogiske årsakene. Fram til mållova kom vedtok herada om dei var bokmålske eller nynorske. Etter dette kom det eit alternativ: Ein kunne vera språkleg nøytral. Dette var vårt forslag, for å unngå at kommunar skulle melda overgang til bokmål. Men dette har vist seg å vera ein stor fiasko. Døme: i Høle var det nettopp ein gjeng med foreldre som ynskte bokmål for borna sine. Foreldra hadde fått melding frå rektor om at dei kan velja sjølve kva språk dei vil ha for borna. Rektor ville halda seg nøytral. Men rektor har mandat til å gjera det enklast mogeleg å høyra til den språkgruppa som skulen høyrer til. Han har mandat til å få foreldre til å ynskja å velja nynorsk for borna sine og til å leggja til rette for at skulen sin profil også er elevane sin. Dette med nøytralitet heng att frå historia

Korleis får ein kommunane til å ta grep som gjer at ein identifiserer seg som nynorsk? Det er ikkje noko problem for folk å identifisera seg sjølve gjennom dialekt munnleg og gjennom bokmål i skrift.

Samnorsk er døden for nynorsk. Stortinget gjekk bort frå dette prinsippet nettopp for å verna om nynorsken. Å ha ein kollektiv ide om nynorsk som skriftskultur er avgjerande i tilnærminga. Kunnskapsdepartementet brukar snarare individuelle tilnærmingar og difor går det nedover.

2007: Det vart utarbeidd eit skriv om samanhengen mellom barneskule og barnhage. Denne definerte i klartekst at det er viktig med ein mjuk overgang frå barnhage til barneskule. Døme: Samisk. Det er viktig med samisk i barnehagen slik at borna skal klara seg godt på skulen. Kvifor gjeld ikkje dette for nynorsk? Det hadde dei ikkje tenkt på. Samisk såg ein på ut i frå eit kulturelt kollektivt grunnlag. Det gjorde ein ikkje med nynorsk.

Staten har vedteke ein språkpolitikk som er bra. Korleis kan ein motivera born til å skriva nynorsk?

1) Aldri vore meir nynorsk i Noreg enn i dag (til og med på Høgre sine nettsider, kan ein kjøpa varer med nynorsk tekst)

Kvifor? Nynorsken har aldri stått så sterkt som i dag. Mengda av tekst på nynorsk frå 1972 til i dag er enormt mykje større. Me brukar meir tekst, både i det offentlege og det private. Ein har mange auka rettar og difor også auka byråkrati. Difor finst det også mykje meir nynorsk.

NRK sin nynorskprosent er mykje høgare enn tidlegare. Det at ein ser ei enorm auke i dialektar i statskanalen, gjer bokmålsprosenten låg.

Dei som veks opp i dag vert utsett for svært mange ulike språk og det vert difor mindre utstikkande å bruka nynorsk. Til dømes møter ein ikkje den same motstanden når ein vel å byta til nynorsk, snarare interesse.

2) Det har aldri vore lettare å vera nynorskbrukar enn i dag.

3) Det har aldri vore lettare å driva målarbeid enn i dag.

Tenk på då dei innførte nynorsk som t.d. kommunespråk. På dette tidspunktet var nynorsk eit språk som nærast ikkje fanst! Det var ei mykje tøffare avgjerd å ta.

2005: Øystein Østerud sa at staten ikkje har noko språk- og kulturpolitikk. Ein heng att i det gamle regimet.

Ein ser på nynorsk og bokmål som målformer. Ein fører ei individuell tilnærming. I 2002 hadde ein snarare ei kollektiv tilnærming, ein såg på landet som ein *tospråkleg* stat.

Å ha eit tospråkleg perspektiv fører med seg ein aktiv språkføringspolitikk. Ein kan utvikla språkbruksplanar og språkjamstilling snarare enn språknytralitet. Det skapar ei heilt anna opning.

Tidleg sidemålsstart: For nokre år sidan gjorde ein eit forsøk i Kongsvinger. På barneskulen hadde dei nynorsk i eit heilt år og både foreldre og elevvar var godt nøgde med dette. Her skulle elevane skulle verta tospråklege.

I Sulldal vedtok politikarane å læra nynorsk til vaksne innvandrarakar. Er det meir viktig for innvandrarakar enn for "gamle" nordmenn å læra bokmål med tanke på framtida? Når ein tenker slik, heng ein att i det gamle språkpolitiske regimet.

I Oslo ynskjer varaordføraren at elevane i ungdomsskulen skal ha halvparten av undervisinga på nynorsk. Noreg er mykje meir enn Oslo og elevane treng å læra om heile landet. Dette er noko som gjeld for alle elevvar i landet. Ein må unngå eit oss og dei.

Forelder: skal min sjuåring bæra heile den språkpolitiske historia på sine skuldre? Eg kan ikkje hjelpa barnet for eg kan ikkje nynorsk. I ein slik situasjon må ein prøva å få folk til å sjå på spørsmålet slik: ved å læra nynorsk i tillegg til bokmål vert barnet tospråkleg!

#### Ordsifte:

#### **Margit Apelthun**

Det er viktig å lyfta fram motivasjonen for å læra nynorsk.

Innvandrarakar må få læra det språket som er i kommunen. Det heng saman med god integrering. Å snakka dialekta, snakka det lokale språket verkar integrerande. Då vil ein lettare kunna kjenna tilknytning til staden.



### **Arvid Langeland**

Godt å høyra om det positive i målrørsla!

Men: Er nynorsken så veik at han ikkje lenger er eit eige språkalternativ? Det er framleis mykje bokmål i det offentlege, i næringslivet. Døme: NSB. No er det heldigvis kome mykje nynorsk på Haukeland, det er bra! Viss nynorsken minkar i det offentlege rommet vert han meir utvatna, vanskelegare å bruka, og han mister prestisje.

### **Hallvard Lønheim**

Det er eit problem at innvandrar i Bergen lærer bokmål. Døme: Det er lettare å læra nynorsk enn bokmål, seier ein innvandrar frå Etiopia. Nynorsk og språket i Etiopia har ein ting til felles, nemleg vokalane. Ein tenker at det er vankeleg å læra nynorsk, men det er heilt feil

### **Astrid Olsen**

Det finst mykje positiv utvikling, men kva med randsonene? Kva med min skule på Ågotnes (i ein nynorskkommune) der plutsleg fleire skriv bokmål enn nynorsk?

Men likevel er det heilt sant at ein har kome vanvittig langt når det no er etter tilhøva enkelt å starta med nynorsk. Astrid tenkjer attende på den tida då målfolk skreiv bokmål for å ikkje hefta nokon med språket sitt.

Astrid arbeider på Sotra, ein av dei stadene nynorsken kom til sist. Ein ser at desse stadene har lettare for å ta lett på nynorskbruken, mykje lettare enn i t.d. Hardanger, der nynorsken har status. På øyene spring folk frå nynorsken. Difor kjennest det ikkje alltid så lett å driva nynorskarbeid, sjølv om det er heilt sant at situasjonen er mykje betre no enn tidlegare.

### **Ingar Arnøy**

Ein ser ofte medieoppslag om språkopplæring for innvandrarar. Der ser ein ei lokalbefolkning som snakkar til innvandrarar på bokmål, slik at når dei lokale snakkar med kvarandre skjønar ikkje innvandrarane noko. Det er utruleg dårleg integreringsarbeid.

Sjølv om det er enklare å driva målarbeid no, er ikkje det det same som at det er lettare å vinna fram. Dialektmangfaldet på austlandet døyr, og det same er tilfellet i kommunane rundt t.d. Bergen. Ein ser ei tvetydig utvikling. Eit døme på noko som ikkje er så positivt er, slik Arvid Langeland peikar på, monitorane på NSB som er på bokmål.

Men samstundes opnar fleire nettaviser for meir nynorsk. Det skal gå raskt og då må journalistane bruka det språket som det går fortast for dei å skriva. Og så har ein Høgskulen på Vestlandet osb.

Me må tenka nytt, me må starta øvst: Sjølv sagt skal det finnast tre personar i den nye regionen som skal ha ansvar for språkbruk i regionen! Det skal også vera mogeleg å få til.

### **Oddvar Skre**

Det er riktig dette med å ha ei tospråkleg vinkling. Det kan skapa betre haldningar.

Med dei sosiale media til dømes, finst det mykje meir nynorsk i offentlege rom no. Det er mykje nynorsk i TV2. Hovudkontora ligg i Bergen og dei rekrutterer nynorskfolk frå Vestlandet. BA har også fått faste nynorskskribentar.

Det høyrerest også lovande ut det Peder fortalte om frå Bergen kommune.

### **Arvid Langeland**

Det er rett at ein må tenka stort og offentleg. Ein må krevja ressursar til å vera ein tospråkleg stat og då må ein få ressursar frå Stortinget, frå høgt plan. Nynorsken må synast offentleg.

### Innleiing og ordskifte om skulemål:

#### **Oddvar Skre**

Har basert seg på tal frå GSI og ser at nynorskdelen går ned på skulenivå, i kvar enkelt krins. Han forklarar kvifor nokon av tala er negative.

I enkelte kommunar er målbyttet svært høgt.

Odda-modellen viser positive resultat. Det er flott om Stortinget endar med å endra opplæringslova og får sikra ungdomsskuleelevane dei same rettane som barneskuleelevane har.

Bergen har låg nynorskprosent, men ein håpar å få sett i gang positive tiltak. Særleg i Arna og på Askøy trengst det tiltak.

Det er uheldig når ein må blanda nynorsk- og bokmålselevar i same klasse.

Ein må få det inn i rammeplanane for barnehagen at kvardagen her skal innehalda meir praktisk bruk av nynorsk.

#### **Øyvind Heitmann**

Av og til er stoda endå verre enn tala skulle tilsei. Foreldre sin rett til å velja for sin enkelte elev veg tungt, og bokmålsbruken er svært utbreidd på skulane. Slik har ein tendens til å påverka lærarar og klasse miljø. Difor må ein i større grad snakka med foreldre. Ungdom har ein tendens til å verta småbarnsforeldre, og ein må nå dei i den fasen *før* dei vert foreldre sjølve. Når dei vert foreldre, har dei allereie teke valet – også for borna. Då trengst det meir misjonering. Dette med nye arenaer, nye rammer er viktig.

Øyvind har lyst til å ha fleire med seg ut på stand. Her kan ein dela ut flygeblad og ballongar til borna. Kjem borna heim med nynorsk på ballongane har ein med ein gong sett denne på dagsordenen.

#### **Knut O. Dale**

Målbyte heng saman med stifting av eigen identitet. Difor har lærarane ei viktig rolle. Knut veit til dømes at i Øygarden byter halvparten av elevane hovudmål frå barnetrinn til ungdomstrinn. I Hordaland samla sett, byter halvparten av nynorskelevane til bokmål. Døme: Odda – korleis er det med nynorskopplæring i klassen? Ei jente Knut kjenner til hadde nynorsk undervising i entreprenørskap, men i alle andre fag vart det brukt nynorsk. Lærarane har eit ansvar for å endra haldningar. Elevane må få den hjelpa dei treng

Me treng å ha tal tilgjengelege for å kunna dokumentera stoda.

#### **Sigrid Alvestad**

Røynsler frå Askøy VGS: Her er det ikkje nokon på studiespesialiserande som brukar nynorsk. Då kan ein ikkje skulda på lærarane. Sigrid har mange dyktige, nynorskkyndige og entusiastiske lærarkollegaer. Ein må tenka gjennom korleis skal ein jobba ovanfor ungdommane. Nynorsk må vera spennande, tøffe folk må visa den fram, det må vera prestisje å bruka den.

#### **Astrid Olsen**

Ein må kunna krevja at myndighetene stør nynorsken, ikkje bokmålet.

Ein må satsa på 1. klasseforeldra med ein gong. Viss nokon skal velja nynorsk lenger opp, må

nynorskelevar finnast frå starten av.

Når lærarane ikkje brukar nynorsk er dette eit signal til elevane. Det er vanskeleg for elevane å måtta omsetta språket i timane.

Lærarutdanninga burde innehalda haldningar til språk i tillegg til kunnskap.

Det er viktig å ha ei stilling i mållaget. Dette skapar større kompetanse og ein har meir tid til å møte byråkratiet. Det er viktig å bruka pengar på dette.

Når det gjeld nettbruk i skulen, så er alt på bokmål eller engelsk. Nynorsk er eit moderne språk og ein kan bruka det i moderne samanhengar. Også på nett.

På nynorskskular vert nynorskklassar og bokmålsklassar slått saman. Men det er ulovleg å ikkje bruka nynorsk i anna enn i norsktimen. Kvar kan dei få pengane frå til å sikra lovleg drift? Me må ha lovverket på vår side

### **Øystein Skjæveland**

Dette var eit innlegg som viser fram motsetnader: Det er mykje som er bra for nynorsken i dag, men likevel går nynorsk skulemål tilbake. Korleis skal ein få endra også skulemålstendensen? Skulespråk er noko av det viktigaste me jobbar med, og her er alle nivå i utdanningslauget viktige. Dette møtet må ikkje reisa heim, før ein har skissert ein meir offensiv og konkret plan for skulespråkarbeidet framover.

Eit konkret punkt me bør vera offensive: Me må jobba for å få fyrsteklasseforeldre til å velja nynorsk for borna sine, sær i Arna. Frå førre nynorskstafett veit me at rektorane ynskjer seg innspel frå målrørsla. Når tida er komen for at nye fyrsteklassingar skal skrivast inn i skulen, får foreldra eit brev frå det offentlege der dei kan velja språk for borna. Rektorane vil gjerne la mållaget senda ved eit brev for å oppmoda til å velja nynorsk og dei opnar for vitjing frå mållaget. Sidan det ikkje har hendt noko på denne fronten sidan førre nynorskstafett, føreslår Øystein å laga eit standardisert brev og møteopplegg som kan brukast kvart år. Dette krev innsats, men er viktig arbeid. Kan hende kan skrivaren i HM ha ei meir bestemt oppgåve knytt til skulemålsnemnda? At eit av ansvarsområda for stillinga kan vera å stø organisatorisk arbeidet nemnda skal gjennomføra? Slik kan me trappa opp arbeidet i skulemålsnemnda og ha fleire møte, meir aktivitet. Det er ikkje alle som tar medvitne språkval og me må hjelpa dei med det. Å hindra målbyte er det store arbeidet vårt, det styret i HM i samarbeid med NM må driva. Dei mindre oppgåvene kan skrivaren driva i samråd med lokallag og skulemålsnemnda.

### **Marta Nagel-Alne**

Kva arbeid skal gjerast lokalt og kva skal gjerast sentralt? Me må setta opp tydelegare retningslinjer for dette. Foreldre lurar på kven dei skal kontakta når dei lurar på noko.

Når det gjeld den vidaregåande skulen, må alle som har kontaktar på skular bruka desse og få utnytta dei rette ressursane. Me må vera observante, finna ut kvar ting skjer og kvar det trengst tiltak.

### **Håkon Remøy**

Det er nynorskelevane er dei som er tospråklege, ikkje bokmålselevane. Det er eit argument for å bruka nynorsk, det er dei som gjer det som vert tospråklege. Det er noko me kan ta med i eit brev til fyrsteklasseforeldre.

Me må leggja opp til at bokmålselevane også på sikt vert tospråklege. Det bør etter kvart verta eit krav.

Me kan vera med på/arrangera foreldremøte.

Håkon opplever at det er vanleg at når borna byrjar på skulen får foreldra spørsmål

om kva skriftspråk elevane skal ha. På nynorskskular burde det vera automatisk innmelding til nynorsk.

### **Ragnhild Kvifte**

I nynorskland bør alle lærarar skriva nynorsk. Det handlar om respekt. Ragnhild har sjølv hatt lærarar som har unnskulda seg for at dei ikkje kan nynorsk. Det skal ikkje vera elevane sitt ansvar å sjå etter kva språk dei skal undervisast på. Det bør difor stillast krav til lærarar i nynorskskular om å ha kompetanse i nynorsk. Tospråklegheit er kult, me bur i Noreg og her skal alle kunna to språk.

### **Knut O. Dale**

Knut er samd med det forslaget Øystein Skjæveland la fram. Det at me brukar nynorsk i Hordaland, sikrar at nynorsken held seg i Noreg. Difor burde Noreg Mållag ha vore betre representert her på årsmøtet. Ein bør få fleire økonomiske midlar til Hordaland frå NM.

Det er viktig at me set opp kva saker som er dei viktigaste.

### **Ingar Arnøy**

Me har fleire allierte enn me er klare over.

Korleis er rutinane våre? Me kan starta med å ringa til dei ein veit om som er interesserte i nynorsk fyrsteklasse og ta det derifrå. Det å senda brev vil kosta ein del pengar, men det kan vera verdt det. Eit anna tipser at me kan bygga opp eit korps med friviljuge som kan banka på dører og hjelpa med å få fyrsteklassar i stand.

Me må få kommunar til å skriva i stillingsutlysingar at søkjarar som har dokumentert nynorskkompetanse vil verta føretrekt framom andre, akkurat som dei gjer det med tanke på kjønn og etnisk opphav.

Det er lurt å laga betre rutinar, det er bra at dette vert teke tak i. Det er faktisk mogeleg å få gjennomslag for ting. Og hugs at Skrivarstova er ein ressurs for lokallaga, ikkje ver redd for å ta kontakt!

### **Kommetar frå Øystein Skjæveland**

Forslaget var ikkje å senda eigne brev, men å leggja ved eit brev frå oss til brevet frå skulen. Slik vert ikkje dette ein kostnad for oss.

### **Oddvar Skre**

Er også positiv til Øystein sine forslag. Skulemålsnemnda har også tenkt å laga brosjyre om nynorsk til barnehagar. Desse kan me ha med på barnehagebesøk.

Linda Eide er ein lur person å få med på laget. Håvard Øvregård (tidlegare leiar i NM) er også ein ressurs i samtale med born.

Dette med å ha kontakt med rektorar er ein god ide, det har ikkje Oddvar tenkt på tidlegare.

Er også samd med Øyvind i at ein må snakka med folk før dei vert foreldre.

### **Solveig Grønlien**

Når det gjeld lærarar: Dottera til Solveig har valt nynorsk for borna sine, men får alt mogeleg materiell frå lærarane på bokmål. Nokre lærarar har ikkje ryggmerg. Når me har valt nynorsk for borna våre vil me ha nynorsk undervising. Me må hugsa på å lyfta fram nynorsk som identitet.

## Arvid Langeland – skriftspråk og talespråk

Språkfagleg bakgrunn: tysk mellomfag, formelt godkjent som språkvaskar i staten.

Dette skal vera eit ideologisk punkt: kva er skilnaden på tale og skrift?

Nynorsk standardtalemål er ikkje vanleg i dag.

Ideologi og normeringsgrunnlag:

Når eit språk skal normerast for fyrste gong, gjer ein dette i samsvar med talemålet. Men kva slags talemål? Kven sitt talemål?

Det danske språket levde vidare i det norske etter unionsoppløysinga.

Nynorsk/landsmål var derimot ein klassisk standard av dialektane. Det var den sosiale drivkrafta, det nasjonale engasjementet som la grunnlag for Aasen sitt arbeid med dette. Han ville reisa folkemålet til heider. Det dreidde seg altså også om ei nasjonal frigjering, ikkje berre ei språkleg.

Rekonstruksjonen til Aasen hadde ikkje som mål å fremja ei dialekt framføre ei anna, han ville byggja på alle dialektane. I dette arbeidet var prinsippet om einskap viktig: Han ville ikkje leggja opp til fleire former av det same ordet, det ville skapa forvirring meinte han. Difor valde han å bruka dei historiske grunnformene, dei mest vidtfemnande, organiske samlingsformene for kvart ord.

Tanken om samnorsk kom til når ein ville hindra at landet vart splitta av språk.

Nynorsk i dag har framleis mange lovlege former. Ved normeringsprosessane har ein lagt nynorsk så nært bokmål som mogeleg. Språket framstår difor som ein karrikatur av eit språk. Ein har lagt opp til at der dialektane skiljer, må det vera rom for ulike former, og den dominerande tankegangen har ført til at utviklinga i språket alltid går mot bokmål.

Styrken til nynorsken, det at den sameinar, er gjennom tidene vorten gjort ein veikskap. Aasen er sett i revers.

Bokmålsdominansen er sterk og trugar nynorsken ved livet. Det søraustnorske, bokmålsnære talemålet er gjort til standard. Dette er ein påverknadsinstans for talemålet i dei største byane. I mindre byar vert talemålet påverka av kommunesentra i nærleiken.

Det er sosiokulturelle-, politiske-, historiske-vilkår og lingvistiske føresetnader som skil ein landsdel frå ein annan. Det påverka talemålet vil regionalt ikkje verta likt det som påverkar, men ein vil likevel sjå at lokale, historiske kjenneteikn vil verta utvaska.

Samnorskperioden: Her snakka ein om to ulike målformer og ikkje to ulike språk. Eit nynorsk *språk* ville stå i vegen for samnorskideen. Difor valde ein å snakka om mål.

Er bokmål og nynorsk berre lingvistiske variantar av det same språket, medan dei andre skandinaviske språka er eigne språk?

Ein snakkar om hegemoni, der dominans og makt verkar å vera naturleg og må difor ikkje grunnjevast. Fleirtalsmakta forvaltar ein slik posisjon. Den legg premis for kva som er legitimt og kva som vert underordna. Språkkampen er difor ein kamp om hegemoniet.

Ein må vedkjenna at det finst to nordiske språk i Noreg og konsekvent snakka om nynorsk og bokmål, ikkje om norsk. Norsk er ofte det same som bokmål. Men ein veit at nynorsken skal vera eit samfunnsberande, komplett språk til liks med bokmål.

1980: Tydeleg tendens til tilbakegang i dialektmangfald. Tilbakegangen vil gå snøgt framover. Naturleg talemål er eit ustabil uttrykksmiddel som skiftar frå person til person. Folk flyttar oftare og byter miljø. Ein får difor mange tilpassingar til normert mål. Normalmål er ikkje eit naturleg talemål. Difor må ein ikkje bruka dialektane no som grunnlag for å skapa moderne nynorsk. Det kjem i vår ei ny ordliste, som presenterer eit alternativ til den normerte nynorsken.

Ordsifte:

**Håkon Remøy**

Er heilt samd i dette med at den ordlista me har i dag ikkje er god, men er ikkje heilt samd i at talemålet alltid nærmar seg bokmålet.

Går den nye ordboka ut i frå 2012-norma?

**Arvid Langeland**

Ordboka vil bygge på læreboknormalen som var fram til 2012, og dived vera meir systemrett. Den nye ordboka er stødd av fleire mållag i Hordaland.

**Marta Nagel-Alne**

Kven har vore med å arbeida med denne?

**Arvid Langeland**

Det er "Nettverket for enkel og tydeleg nynorsk" som har drive det fram og den skal gjevast ut av Kunnskapsforlaget.

**Hallvard Lønheim**

Reagerer på ei samanlikning Arvid hadde med Sveits: Bokmåls- og nynorskbrukarar forstår kvarandre, medan i Sveits er språka heilt ulike. Kvant språk treng ikkje vera unikt, me forstår til dømes godt svensk og dansk.

**Arvid Langeland**

Det dømet var mest meint for å illustrera poenget. Elles er han heilt samd i det Hallvard sa.

**Astrid Olsen**

Det er no ei interesse for nynorsk, og det kjem til dømes mange populære litteraturomsettingar til nynorsk.

Når det gjeld ordlista som kjem: Kven kjem til å bruka den? Har de ein strategi for å breia den ut? Kva med folk som jobbar i skulen? Her er ein påtvunge å bruka den offentlege norma – oppmodar de til sivil ulydnad?

**Anne Buset Vassbotn**

Finst det ei nettutgåve av ordboka?

**Arvid Langeland**

Har ein intensjon om å laga ein app.

"Enkel nynorsk ordliste" er heller ikkje godkjend i skulen. Den nye ordboka vender seg til alle som ser naudsynet for å samla seg etter 150 år. Me lyt prøva å verva og inkludera folk. Hovudsiktemålet er ikkje å driva propaganda for ordlista: Det er viktig at ein samlar seg kring ei norm og at ein ikkje splittar opp språket i eit mylder av rette former. Når det gjeld bruk av eit språk er det viktig å tenka stort på samfunnsskala.

**Ingar Arnøy**

Aasen omsette Pariserkommunen til norsk.

Når ein spør "kva heiter dette på nynorsk?", då spør dei etter orda. Ein lurar på ordtilfanget, ikkje om formene. Me har ein tendens til grammatikkfetisjisme. Det er orda som er viktige for at ein skal oppfatta eit språk som eige og sjølvstendig.

Det er riktig at det finst eit bokmålhegemoni. Ein reagerer når språket stikk seg for langt bort frå bokmål. Det er orda me må tørra å bruka, me må visa at nynorsken er eit sjølvstendig språk.

### **Astrid Olsen**

Det vil vera få som får lesa folk som brukar denne nye norma. Dei fleste les ting på nett. På førre landsmøtet hadde me ein redaktør frå Allkunne på vitjing. Han sa at viss mållaga skal ha ei nettside, så er det på Facebook. Det er der ein når folk. Så: Er de på Facebook? Dersom de vil nå ut, bruk dette. Synleggjering på nett er viktig.

Nynorskfolk skriv dialekt på nett i større grad enn bokmålsfolk. Folk driv eige normeringsarbeid og blandar nynorsken med dialekta si.

### **Sigrid Alvestad**

Det er altså færre variasjonar i denne boka, men er dei som står innom norma?

### **Arvid Langeland**

Det den nye ordlista presenterer er ikkje alltid innom norma, på same måte som Aftenposten si rettskrivingsliste går litt utanom norma på bokmål. Me legg også opp til ein grammatikkdel og ein bokmål-nynorskdel.

### **Ingunn Kleiveland**

Slik eg forstår det er det som står i denne ordlista nokolunde likt det nynorske språket me lærte på skulen på 60-talet. Det vil vera lettare å læra nynorsk med norma i denne ordboka.

### **Johannes Herredstvedt**

Skandinavar snakkar godt ilag, men ein opplever at ungdom i Skandinavia snakkar vel så godt saman på engelsk. Overlever nynorsk? Overlever norsk språk? Kven har størst sjanse for å overleva, nynorsk eller bokmål? Aktuelt døme: Bergen Media City.

### **Solveig Grønlien**

Gler seg til ordlista kjem ut og er svært glad for det arbeidet som er gjort.

### **Arvid Langeland**

Når det gjeld mediestrategi, så må me først ha ordlista på plass. Men så må me bruka alle kanalar me kan til å spreia budskapen.

Om dette med å overleva, så veit ein at det finst ca. 500 000 brukarar av nynorsk i dag. Til samanlikning brukar 350 000 islandsk. Me er mange nok til å overleva om ein har vilje nok – om ein ikkje bøyer hovudet sjølve. Bokmålet er kan hende meir anglofilt og står kan henda meir lagleg til for hogg? Men på grunn av ei svært vid norm, er nynorsken meir utsett enn bokmålet, i tillegg til det hegemoniske presset frå bokmålet.

### **Hallvard Lønheim**

Me må læra av islendingane. Dei lagar nye norske ord for engelske ord me tek inn i språket vårt. Kva er det dei har gjort som me ikkje klarar? Me må leggja press på Språkrådet!

### **Arvid Langeland**

Vil oppmoda mållaget til å tenka stort og satsa vidare på å fylgja opp det at Stortinget har sagt at me er eit tospråkleg land. Me må passa på at ein får nynorske lærebøker på same tid

som dei på bokmål og hugsa på at prestisje er viktig.  
Me må ha ei norm, ikkje kaos.



## ÅRSMØTE SUNDAG 12. MARS

### 1) ÅRSMELDING OG RAPPORTAR

Astrid Olsen les årsmeldinga og rapportane frå webansvarleg og mållovsansvarleg.

Oddvar Skre les skulemålsrapporten.

Øystein Skjæveland les meldinga frå næringslivsansvarleg.

#### **Sigrid Alvestad**

Kommentar til årsrapporten:

- Kven er fylkesleiaren? Er det fylkesordføraren?  
Astrid Olsen seier: JA.
- Har Live vore på møte i fylkestyret? Eller fylkestinget?  
Astrid Olsen seier: Fylkestinget.

Kommentar til skulemålsrapporten:

- Kva med Askøy, kva er gjort der? Hordalands nest største skule?  
Oddvar fortel:

Me har gjort arbeid der, men ikkje det siste året. På fleire skular må dei blanda bokmål og nynorskelevar her. Skulemålsnemnda har tenkt å gjera meir arbeid på Askøy for å få folk til å velja nynorsk for fyrsteklassingane. Tidlegare har nemnda hatt møte med skulesjefen der som er positiv til nynorsk og håpar me kan greia å snu utviklinga der. Inger Tangedal kan til dømes vera med på dette.

#### **Solveig Grønlien**

Kommentar til skulemålsrapporten:

- Formuleringa om forsøk i Odda: Ikkje skriv forsøk, "Odda har vist" er ei betre formulering.

OK frå Oddvar

#### **Caroline Lehmann**

Kommentar til næringslivsrapporten:

- Er veldig glad for å høyra om Coop. Ho skal følgja dette opp i Ulvik.
- Hugs å velja saft som er nynorsk!
- Det er viktig at me får med oss næringslivet. Det er synleg språkbruk. Me må vera meir observante på dette med næringsliv.

#### **Astrid Olsen**

Kommentar til skulemålsrapporten:

- Nils Mæhle er ikkje leiar i Bergen Mållag, men tidlegare leiar.
- Saknar ei ideologisk spissing i skulemålsrapporten.
- Me får ikkje så mykje sving på det skulemålsarbeidet me driv no. Kva med å få til ein ekstra innsats mot å få dei nynorskvenlege foreldra til å velja nynorsk for fyrsteklasseborna sine?

#### **Håkon Remøy**

Kommentar til årsmeldinga:

- Ein skriv Håkon Remøy med y til slutt.

- SmiB har ikkje valt ein fast observatør til styret i HM, det varierer kven som kan møta.

### **Kristian Bringedal**

Kommentar til næringslivsmelding:

- Hadde venta seg noko meir. Det er viktig å få med nye kjedebutikkar når dei omarbeider utforminga på butikkane sine. Då har me høve til å få skilting og design på nynorsk. Spar Uskedalen er eit godt døme som den fyrste Spar-butikken som fekk nynorsk skilting og design då dei bygde om.

Kommentar til årsmeldinga:

- Innvandrarar. Det er viktig å få med seg lærarane i vaksenopplæringa. Det er ei skam at asylsøkjjarar som skal verta verande i Noreg lærer å snakka riksmål. Dei nynorskkommunane som ikkje har lagt om kan få saksdokument frå dei 13 kommunane i Hordaland som har gjort det.

### **Margit Liljan Apelthun**

Kommentar til årsmeldinga:

- Live heiter ikkje Bjørge – Bjørnstad
- Det er mykje godt arbeid her, men viss ein skal nå ut til dei unge, endra haldningar, må ein prøva å finna noko meir proaktivt. Me må leggja ein handlingsplan for å koma oss fram, få tilpassingar til dei gode haldningane i mållaget.

### **Oddvar Skre**

Kommentar tilbake til Astrid Olsen:

- Er samd i at ein kan spissa arbeidet meir.
- Skulemålsnemnda har gjort arbeid mot kommunen for å understreka kravet om nynorsk frå det offentlege.
- Nemnda har også jobba for nynorsk for innvandrarar, Odda-modellen, samt tidleg sidemålsstart.
- Når det gjaldt Riple skule hadde me møteaktivitet her, men av og til må ein oppleva tap.
- Er elles samd i at skulemålsarbeidet må verta meir synleg.

### **Astrid Olsen**

Kommentar til Oddvar:

- Ikkje usamd i at det vert gjort godt arbeid, men ynskjer seg ei spissing, eller annleis prioritering. Usemja er i prioriteringane. Korleis skal ein bruka tida og arbeidet?

Svar på kommentarar:

- Litt pinleg at det er feilskrivne namn og titlar. Det har gått litt fort i svingane.
- Kva gjer ein for å påverka: Det må ein ta med seg, men er i tvil om ein skal ha med det i arbeidsprogrammet.
- Det vert også gjort meir enn det som står i rapporten. Ein kan ikkje ta med alt, det vert for mykje oppramsing. Til dømes har me arbeidd med Hordaland teater, saman med teatersjefen som er ein svært engasjert og interessert nynorskmann, men han kjende seg så lite heime der at han til slutt valde å trekka seg.

**Oddvar Skre**

Kommentar til årsrapporten:

- Kan me ta med namnet på fylkesordføraren i Rogaland, Solveig Tengesdal? Ho orsaka det ho hadde sagt om at nynorsk ikkje var naturleg.

**Solveig Grønlien**

Kommentar til skulemålsrapporten:

- Flott med barnehagebesøk, men borna er i barnehagen kvar dag i veka. Dei må møte nynorsk kvar dag! Me må få inn nynorske songar. Har dei opplæring i det i utdanninga til førskulelærar? Dette har me snakka om i årevis. Det står om kultur i handlingsplanen for barnehage – her utgjer nynorsk og språk ein stor del.

**Caroline Lehmann**

Kommentar til dette med barnehage:

- Tilsette i barnehagar, vert det stilt krav til nynorskkompetanse til desse i nynorskkommunar?

**Solveig Grønlien**

Svar: Odda er ein nøytral kommune, no skal det verta ein nynorskkommune. Me har fått lovnader om at ein skal krevja nynorskkompetanse i administrasjonen.

**Caroline Lehmann**

Svar: Men særskilt i barnehagen! Her er det ekstra viktig.

**Astrid Olsen**

Svar: I Noreg er det ikkje lovfesta at lærarar og førskulelærarar skal skriva, snakka eller kunna nynorsk nokon stader i skuleverket. Det er sjølvstøtt eit problem at lærarar og førskulelærarar vel ut bokmålsinnhald.

**Kristian Bringedal**

Svar: Mållova er klar på dette. Men seier at lærarar i størst mogeleg grad skal ta omsyn til elevane sitt talemål.

**Solveig Grønlien**

Svar: Eg forventar ikkje at folk skal leggja om dialektane sine. Men ein må velja ut songar og regler og rim på nynorsk, borna må møte språket tidleg.

GODKJENNING:

Alle som ikkje vil godkjenna årsmeldinga med dei merknadene som er komne inn vert bedne om å visa stemmeteikn/reisa seg.

ÅRSMELDINGA ER GODKJENT MED DEI MERKNADENE SOM ER KOMNE INN.

**2) REKNESKAP 2016**

Ingrid Hovstad går gjennom rekneskapan, balanse og revisjonsmelding

### **Astrid Olsen**

Me eg veldig heldige som har fått ein så ryddig kasserar. Dette er ei nokså svær oppgåve. Ingrid har funne seg til rette svært raskt.

- Den vesle feilen det vart vist til: Astrid har betalt den tilbake, men den kjem på neste års rekneskap.

### **Solveig Grønlien**

Applaus for Ingrid!

### **Kristian Bringedal**

Er valet av Tysnes Sparebank medvite?

### **Astrid Olsen**

Svar: Det er eit val frå gammalt av, ein nynorsk bank. Flott at dei har halde på nynorsken.

GODKJENNING:

Utsendingane vert bedne om å vita stemmeteikn om dei ikkje godkjenner.

REKNESKAP GODKJENT.

### 3) ARBEIDSPLAN 2017

Astrid Olsen går gjennom arbeidsplanen

Kommentar til seg sjølv:

- Feil: Ikkje til vandrarar, men innvandrarar.
- Kanskje skal me velja eit fokusområde: få til fleire nynorske fyrsteklassingar

Går gjennom framlegg til vedtak om forlenging av prosjektstilling.

### **Øystein Skjæveland**

Skulemål:

- Skulemålutvikling, særleg i området rundt Bergen. Har eit framlegg til å skriva om skulemålsarbeidet. Me treng ein ny giv i arbeidet.

Me må oppretta kontaktpersonar i alle skulekrinsane. Det er ambisiøst, men mogeleg.

Mål: få fleire foreldre til å velja nynorsk for fyrsteklassingane, særskilt i områda rundt Bergen. Dette går inn som punkt a)

Me må ha eit oppstartseminar, eit samarbeid mellom styret, lokallaga, skrivaren og skulemålsskrivaren i NM.

### **Ingrid Hovstad**

Skrivarstillinga:

- Har eit framlegg om å gjera dette til ein eittårskontrakt i staden for to år.

### **Kristian Bringedal**

Det må vera eit samsvar mellom det me snakkar om i dag og i går.

- Me må vedta å jobba for språkbruksplanar: Hordaland Mållag skal arbeida for at kommunane i Hordaland har vedtekte språkbruksplanar. Mållaget kan medverka til å laga desse, og gjerne få med rammeplanar for barnehage.

## **Sigrid Alvestad**

### **Web**

- Me må vera der ungdommen er, det vil seia på nett. Me bør ha lenkjer til gode undervisingsider på nett. Kan me få til samarbeid? Duolingo, Itslearnin, Twitter, dataspel.
- Vil leggja fram eit framlegg til å ha ein webansvarleg.

## **Margit Liljan Apelthun**

- Samd i spissinga på skulemål. Me må overtyda foreldre, KVIFOR er det viktig å velja nynorsk. Stør dette framlegget.

## **Astrid Olsen**

- Samd med Øystein om punkt a) i skulearbeidet.
- Stilling: Skjønar det økonomiske er usikkert, men kjenner eit ansvar for Live. Me må tilby noko som er sikkert som arbeidsgjevar.
- Språkbruksplan: Føreslår dette som eit eige punkt i arbeidsplanen.
- Webansvarleg: samd i det som kjem fram, men det er eit spørsmål om ressursar. Dataspel er ein kjepphest, kunne fått med oss ein milliardær på laget.

## **Oddvar Skre**

- Stør Øystein sitt framlegg til strategiseminar, me må få det til så snart som råd.
- Stør forslag frå Kristian om å få inn språkbruksplanar, og å få inn noko om barnehage her.
- Å få foreldre til å velja nynorsk er det viktigaste punkt. Men kan me likevel ha eit punkt til? Noko om sidemål: Styrka sidemålet, tidlegare start, betre kompetanse. Skapa gode haldningar til nynorsk blant bokmålsfolk.

## **Ingrid Hovstad**

- Det er ikkje berre "litt" sjansespel å tilby ei stilling lengre enn eitt år. Det er eit stort sjansespel å måtta skaffa nesten ein million kroner til dette. Det vil vera for mykje for ein venering.

## **Astrid Olsen**

- Vil trekker dette med to år dersom ingen har sterke meiningar om det.
- Nynorsk i 1. klasse: Ikkje at noko anna ikkje er viktig, barnehage til dømes, men det er ikkje ei spissing dersom ein legg til fleire og fleire punkt. Er difor usamd i å leggja til punkt om sidemål.

## **Knut O. Dale**

- Det er ein dramatisk tilbakegang for nynorsk i Hordaland, målbyte i VGS. Me må ta skeia i ei anna hand og arbeida aktivt for å snu den uheldige utviklinga. Det å ha ein skrivar er ein føresetnad for dette. Noregs Mållag må inn og løyva meir til ein skrivar her, det er heilt rimeleg.  
Brevet om målgåve, kan ein senda det ut to gonger i året? Me kan visa til kva ein gjer og få inn meir pengar. Får ein skattefrådrag? Kan ein få til eit samarbeid med NM om det? Me kan få folk til å gje litt ekstra, dette er så viktig. Dersom kvar medlem gjev 100 kr kjem ein langt, det beste er at det vert ei vedvarande stilling med kontinuitet.

### **Hallvard Lønheim**

Web

- Likar ikkje ordet web, me bør sei nett. Ville gjerne ha teke opp dette med datateknologi sjølv, data vert viktigare og viktigare, det går fortare og fortare. Me må kasta oss på denne bylgja, ein kjem ikkje utanom. Det som finst av norsk på nett er bokmål. Me må satsa på det området. Stør dette 100 %.

### **Solveig Grønlien**

- Sender masse pengar til NM, kan hende eg må byta til HM. Får skattefrådrag snart, for ho gjev så mykje. Når NM kan gjera det, kan HM også.

### **Margit Liljan Apelthun**

- Web og data er viktig. Born lærer seg engelsk på grunn av data. Me må få inn nynorsk her.

### **Astrid Olsen**

Bjørn har gjort mykje.

- Det er vanskeleg å få laga til å bruka sida og Facebook-sida. Ein del lokallag har aktive sider, me må klara å få til eit samarbeid, slik at HM på Facebook vert meir aktiv. Folk må vera på Facebook! Me kan påverka ved å skriva på nynorsk på nettet, det som vert skrive her vert ståande.

Senda ut målgåvebrev to gonger.

- Synest det held med ei gong i året. Me får ein del negative tilbakemeldingar allereie. Men ein venering kan hjelpa mykje. Dei som har betre økonomiske kår kan medverka, ein kan gje meir enn elles

### **Ingrid Hovstad**

- Veit ikkje noko om skattefrådrag, kan henda det er mogeleg å få til.
- Dersom ein vil ha gåvebrev fleire gonger i året kan ein fremja det under budsjett.

### **Margit Liljan Apelthun**

- Må vera nasjonal organisasjon for å få skattefrådrag.
- Kan henda kan ein organisera noko med NM med gåvebrev innom dei for å få direkte til stillinga i HM?

### **Øyvind Heitmann**

- Viss Bjørn ikkje har noko mot å vera web/nett/data-ansvarleg: Må avklara arbeidsområdet.
- Kan tenka seg å medverka med mindre sumar kvar månad i staden for å sputta inn store sumar fleire gonger i året.

### **Øystein Skjæveland**

- Det kan vera lurt å ha ein nettansvarleg, det vert eit for stort ansvarsområde for stillinga.

### **Caroline Lehmann**

- Trur ikkje ein treng å vera nasjonal organisasjon for å få skattefrådrag. Men trur ein

må vera registrert som friviljug organisasjon i BR. Her får ein grasrotandel!

### **Sigrd Alvestad**

- Legg fram framlegg om å ha ein nettansvarleg.

### **Anne Buset Vassbotn**

- Viss Bjørn vil halda fram er det bra. Og ettersom Facebooksida/nettsidene må kunne endrast raskt, må også Live kunne gå inn og gjere endringar. Men kun ein av dei må vera hovudansvarleg.

### **Marta Nagel-Alne**

Nettarbeid:

- Her er det også eit spørsmål om kvalitet.
- Mykje betre webarbeid no enn tidlegare.

### **Astrid Olsen**

- Me kan avgjerda arbeidet og ansvar i samarbeid med Bjørn og Live.

### **RØYSTING OVER LENGD PÅ STILLING**

- 8 røyster for 2 år
- 16 røyster for 1 år

VEDTAK: eitt års engasjement

### **RØYSTING OVER PUNKT OM SKULEMÅL**

1) Punkt a) Øystein Skjæveland sitt forslag i staden for det som står.

- samrøystes vedteke

2) Punkt b)

- 1 røyst mot
- resten for

3) Punkt c) framlegg frå Oddvar Skre om sidemål: Styrkja sidemålsundervisinga for å gjera fleire elevar tospråklege og skapa betre haldningar til nynorsk blant lærarar og elevar.

- 13 røyster for
- 10 røyster mot

### **RØYSTING OVER PUNKT OM SPRÅKBRUKSPLEANAR**

- samrøystes vedteke

### **RØYSTING OVER FRAMLEGG FRÅ SIGRID ALVESTAD**

Verta meir synlege på nettet, peika ut webansvarleg.

- 2 røyster mot
- resten for

### **RØYSTING OVER ARBEIDSPROGRAMMET MED ENDRINGAR**

- samrøystes vedteke

ARBEIDSPROGRAMMET ER VEDTEKE

#### 4) BUDSJETT

Ingrid Hovstad går gjennom budsjettet.

Merknad: pengar til landsmøte vert flytta til årsresultat då det ikkje er landsmøte i år.

Merknad: ny sum i husleige – 42000 dersom husleiga har gått opp.

Uendra årspengar – framlegg frå styret.

#### **Caroline Lehmann**

Spørsmål:

Kvar står løna til skrivar?

#### **Ingrid Hovstad**

Løna går gjennom balansen, vert ikkje budsjettert for. Vert ført som gjeld.

#### **Hildeborg Dalaker**

Når ein gjev målgåver øyremarka til stillinga, korleis vert det ført?

#### **Ingrid Hovstad**

Dette vert ført under årsresultat, alt årsresultat vert sett av til stillinga.

#### **Johannes Sekse**

Rart at pengane til stillinga ikkje kjem tydeleg fram i budsjett og rekneskap.

#### **Ingrid Hovstad**

Har fått instruksar om å gjera det slik. Kunne ha lagt til eit eiga dokument om stillinga, det kan ho gjera til neste år.

#### **Øyvind Heitmann**

Ja, det var det eg hadde tenkt å seia. Kan laga eit vedlegg.

Kan ein laga ein ny post på budsjettet til venelag? Eller eit vedlegg om at styret får mandat til å laga venelag?

#### **Astrid Olsen**

Har allereie vedteke dette med venelag når me vedtok å forlenga stillinga.

#### **Sigrid Alvestad**

Rart at det ikkje står i budsjettet. Også sosiale utgifter det kunne vore greitt å ha oversikt over. Det er for seint å få oversyn over til neste år. Kan dette sendast ut no etter årsmøtet slik at ein får innsyn i det med det same?

#### **Astrid Olsen**

NM organiserer lønsbetalinga. Får rapport frå dei som kan sendast ut.

RØYSTING OVER BUDSJETT SLIK DET LIGG FØRE INKLUDERT ÅRSPENGAR

- samrøystes vedteke

#### 5) FRÅSEGNER

FRÅSEGN OM Å FÅ SPRÅKRÅDET TIL BERGEN



Astrid les opp fråsegna.

Presisering: Det bør koma til Bergen *dersom* det skal flyttast ut av Oslo.

#### RØYSTING OVER FRÅSEGNA

- samrøystes vedteke

#### FRAMLEGG FRÅ ÅRSMØTET I KVINNHERAD MÅLLAG

Øystein går gjennom framlegget

- vilkår for nynorsk, me må få overgangen frå barnehage til nynorsk fyrsteklasse enkel

- til Noregs Mållag, om satsing på nynorsk barnehage/"språkreir"

#### Øyvind Heitmann

- Arna Mållag har lyst på eit slikt reir.

#### RØYSTING OVER FRAMLEGGET

- samrøystes vedteke

#### 6) VAL

To medlemmer i valnemnda gjekk ut og den eine i nemnda har ikkje Øystein Skjæveland fått tak i. Difor har Øystein vore valnemnd aleine.

Øystein Skjæveland går gjennom innstillinga

Framlegg:

Sarah Torsvik går inn i styret i plassen for Morten Myksvold (som har trekt seg).

Ragnhild Kvifte går inn i skulemålsnemnda i plassen for Arild Reigstad (som er på val).

Marta Nagel-Alne er ny 2. vara i styret i HM.

Håkon Remøy sit til sommaren (då reiser han bort) og at Øystein Sandve tek plassen hans når Håkon reiser.

Leiar: Astrid Olsen

Mållovsansvarleg: Erlend Bakke

Næringslivsansvarleg: Øystein Skjæveland

Ettersynsfolk: Kåre Johann Mjør, Arne Apold

#### Håkon Remøy

Spørsmål: Kor lang periode vert folk valde for? Det kjem ikkje fram i framlegget.

#### Øystein Skjæveland

Tanken er at Sarah vert vald for eitt år, sidan ho tar over i Morten Myksvoll i hans periode.

Alle vara vert vald for eitt år. Ragnhild Kvifte sitt verv vil vera på to år.

#### RØYSTING OVER VALFRAMLEGGET

1 Leiarvervet

- VALT

2 Resten av styret inkludert vara

Ingen andre framlegg i salen over resten av styret.

- VALT

3 Leiar i skulemålsnemda

- VALT

4 Resten av nemnda

Ingen andre framlegg i salen over resten av styret.

- VALT

5 Mållovsansvarleg

- VALT

6 Næringslivansvarleg

- VALT

7 Ettersynsfolk

- VALT

8 Valnemnd

Øystein Skjæveland er ikkje på val, vald for 2 år i fjor.

Framlegg: Mona Stormark som vara

Framlegg: Håkon Remøy

Framlegg: Johannes Sekse

Alle nye medlemmer er valt for to år.

Ingen merknader til det.

- VALT

MINNEORD

Thoralv Hesthamar

Æresmedlem i Noregs Mållag

FRAMVISING

Nettløysing på songbok laga av Kvinnherad Mållag med innspelningar og tekstar

---

Møtet er heva